

Referat frå styremøte i VH 02.02.2026 på Museet

Møtte frå styret:

Arne Erik Fønhus, Ingebjørg Moe, Tore Hovda, Tove Grethe Kolstad, Åse Østgård Hagen, Toril Grønbrekk

Fråverande: Tone Meisdalen, Ole Aastad Bråten

Møtte frå redaksjonskomiteen i årboka:

Redaktør Nils Rogn

Møtte som materialforvaltar:

Anne Marit Framnes

Sak 1/26 – Valdres Bygdeboknemnd

Det har kome ein førespurnad frå Brønnøysundregistra vedkomande Valdres Bygdeboknemnd. Det viser seg at det ikkje har vore rapportert frå nemnda på mange år og fleire av dei registrerte styremedlemmene er døde. Nemnda var opphøveleg registrert som eit privat aksjeselskap. Då den nye selskapslovgivinga kom for fleire år sidan, vart selskapet automatisk registrert som eit andelslag, noko som inneber at selskapet har eigarar.

Brønnøysundregistra krev no at selskapet anten må oppgje reelle eigarar eller omorganiseras slik at det blir lovleg. Det er heller ikkje registrert vedtekter i Brønnøysundregistra.

Brønnøysundregistra vil leggje tvangsbøter fram til saka er i orden. Det er felles styre i Valdres historielag og Valdres Bygdeboknemnd.

Styreleiar har vore i kontakt med ein saksbehandlar i Brønnøysundregistra og fått avtale om at vi unngår tvangsbøter dersom saka blir ordna på fyrstkommande årsmøte.

Vi har to alternativ:

1. Leggje ned selskapet, eller
2. Vedta omorganisering med nye vedtekter m.m .

I begge tilfelle må det skrivast eigne protokollar på årsmøte. Vel vi å leggje ned nemnda og overføre oppgåvene til styret i Valdres historielag, må årsmøte gjere vedtak om kven som overtek nemnda sin funksjon og nemnda sine aktiva. Det må i praksis haldast to separate årsmøter.

Vedtak:

- Valdres Bygdeboknemnd blir lagt ned.
- Alle aktiva blir overført til Valdres historielag.
- Arkivet oppbevares på Valdres Folkemuseum.
- Ivar Aars blir invitert, og har møte- og talerett i saker som gjeld Valdres Bygdeboknemnd.

Sak 2/26 – Rekneskap 2025

Kasserar Tore Hovda la fram rekneskapen for 2025. Styret gikk gjennom rekneskapen utan merknader og vedtok å leggja han fram for årsmøtet til endeleg godkjenning.

Sak 3/26 – Årsmelding 2025

Leiar Arne Erik Fønhus la fram årsmeldinga for 2025. Styret gjekk gjennom meldinga utan merknader og vedtok å leggja ho fram for årsmøtet til godkjenning.

Sak 4/26 – Planlegging av årsmøte

Årsmøte blir på Valdres Folkemuseum 23.03.26.

Torveig Dahl, styreleiar i Norsk landslag for lokalhistorie, kjem på årsmøte for å informere om kva laget kan bidra med for lokale historielag.

Sak 5/26 – Årboka

Museumsstoff vil utgjera inntil 75 sider. Det er bestemt at det framover skal skrivast om éin stortingsrepresentant frå Valdres i kvar årbok. Fyrstemann er Ole O. Kvam frå Vang. I årets bok blir det portrett av Marit Slettum (Marit prest). Elles er planen at det kjem artiklar om mellom anna skulehistorie, diakonissar, pengemakarar, bilete frå Fosheim sæter og krigsfangar på Løken. Frist for innlevering av stoff er 1. april.

Sak 5/26 – Info frå laga

Det blir arbeid med førebuing og gjennomføring av årsmøte. Ellers er aktiviteten låg i laga no på denne tida av året.

Aurdal: Vanleg lagsdrift og førebuing til årsmøte.

Øystre Slidre: Vanleg lagsdrift og førebuing til årsmøte.

Vang: Vanleg lagsdrift og førebuing til årsmøte.

Sør- Aurdal: Har i mange år jobba med å lage oversikt over lokale stadnavn. Arbeidet er no ferdig og stadnavna er publiserte på mellom anna nettsidene til Sør-Aurdal kommune

Vestre Slidre: Jobbar med turistboka, deltek på dugnad for å setje i stand gamlestogo i Plasse og skal på teatertur til Oslo for å sjå teateret om Margit Sandemo.

Etnedal: Er i gang med revisjon av heftet «Det gamle seterlivet i Etnedal», utgjeve i 2004.

Sak 6/26 - Eventuelt:

Kirkevollarven:

I 1998 vart Kirkevollarven plassert i obligasjonsfondet «Nordea kort obligasjon 1». Fondet har hatt svært låg avkastning – dei siste 10 åra på berre omlag 2,53%. Tore undersøker om det finst trygge alternativ med betre avkastning. Tore får fullmakt til å flytte midlane dersom han finn dette føremålstenleg. Styret skal informerast.

Godtgjersle til 2 medlemmar i redaksjonskomiteen:

Anne Mette Strand og Harald Hvattum får kroner 5 000 i godtgjersle for 2025 til dekning av utgifter og køyring.

Etnedal 04.02.26

Referent: Toril Grønbrekk